



Ann-Mari Kristoffersen (18) frå Korsnes i Uskedalen er ein av 19 KVV-elevar som har starta eit intensivt språkkursfør dei skal ut i praksis på den spanske solkysten.

7 elevar er i første pulje som dreg 6. mars og Ann-Mari er ein av dei. Ho går i andre året på linja Sal, Service og Sikkerhet.

Elevane skal arbeida 8 timar om dagen fem dagar i veka i 3 veker og Ann-Mari veit ho skal jobba med kontorarbeid innan reiseliv.

.Eit slikt studieopphald i Spania har vorte populært sjølv om det kostar. I tillegg til Leonard da Vinci-stipend må elevane arbeida for å skaffa midlar til turen. Dei som går på Sal, Service og Sikkerhet har hatt eit oppdrag frå den lokale banken.

På biletet sit Ann-Mari (til venstre) saman med Morten Røssland og Åse Rørvik, to av dei andre som skal til Spania

.(Foto: Kvinnheringen)